

NORSK ORNITOLOGISK
FORENING



Naturvernforbundet
i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Turlag



Vågsøy kommune

post@vagsoy.kommune.no

14.11.19

FNF Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivorganisasjonar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftslivsinteressene i fylket. Per i dag er det 12 organisasjonar tilslutta FNF Sogn og Fjordane: Sogn og Fjordane Turlag (SFT), Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane, Fjordane Friluftsråd, Norsk Ornitologisk Forening avd Sogn og Fjordane, Kystlaga i Sogn og Fjordane, Sognefjorden Vel, Norges Speidarforbund i Sogn og Fjordane, Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane, Klatreklubbane i Sogn og Fjordane, Sogndal Dykkarklubb og Gloppen Kajakkklubb. Organisasjonene representerer rundt 19.000 medlem i fylket.

Høring av dispensasjonssøknad

Dispensasjon fra LNF-formålet for opparbeidelse av øvre trase ved turveg Deknepollvatnet, gbnr 104/3, 107/1, 2, 109/7-9.

FNF Sogn og Fjordane sender høringsfråsegn på vegne av Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag ved Naturvernutvalet, NJFF Norges Jeger og fiskerforbund i Sogn og Fjordane og NOF Norsk Ornitologisk Forening avd. Sogn og Fjordane.

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF) er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar på fylkesnivå. Føremålet med FNF er å styrke arbeidet til organisasjonane med å ta vare på natur- og friluftslivsinteressene i dei enkelte fylka.

Vi takker for invitasjon til høringa at vi fekk utsett høringsfristen, og kjem her med våre merknader til søknaden.

E-post: sognogfjordane@fnf-nett.no

Tlf: 480 20 532

Web: www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Adresse: Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger

Org. nr.: 918940359

Innleiingsvis viser vi til eit sitat frå organisasjonen «Norsk friluftsliv», om at «*natur er en grunnleggende forutsetning for utøvelse av friluftsliv. Å bevare verdifull natur og forvalte den på en bærekraftig måte er derfor en naturlig del av friluftslivet*»¹. FNF Sogn og Fjordane støttar denne utsegna, som ein grunnleggande føresetnad for friluftsliv og folkehelse, og som det viktigaste og mest vesentlege omsynet ein bør ta i all planlegging for friluftsliv og folkehelse.

Friluftslivsanlegg skal først og fremst vere universelt utforma, slik at dei særleg kan nyttast av personar med nedsett funksjonsevne, og at dei verkar inkluderande og integrerande. Vi snakkar her om «nærmiljøanlegg». Der ein vel å legge til rette for universell utforming bør ein gjere det naturvenleg. Her viser vi til publikasjonen «Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv²», hos Miljødirektoratet.

Vi les søknaden slik at trinn 1 vegen langs Deknepollvatnet har gitt universell tilkomst til området. Vi kan derimot ikkje sjå at trinn 2 utfyller krava til universell utforming grunna stigningsgrad gitt av brattare terreng. Vi kan heller ikkje sjå at det vert omtala ei trong for ei utviding med ein universelt utforma veg, men ønske om ei turtrase som kan lette tilkomsten til eit vanskeleg tilgjengeleg område. Det står og i søknaden at tidlegare stiar er gjengrodde, og det har såleis ikkje vore særleg ferdsel i området.

Vidare står det at turvegen er planlagt slik at den skal ha minst mogleg miljøpåverknad og gi minst mogleg inngrep i terrenget og på naturen.

Kraftlinjene vegen skal leggest under og ved sida av omtalast som mykje meir skjemmaende visuelt enn inngrepa og visuelt forstyrning vegen vil gje. Vi kan ikkje sjå at det er eit godt folkehelseiltak å legge ein ny turveg under og langs ei kraftlinje under påskot av å gje tilkomst til eit naturområde.

Vi meiner at vegen har ei særdominerande og overdimensjonert utforming med heile tre meter vegbreidde, og vi kan ikkje sjå at korkje folketal eller brukargrupper vil tilseie trong for ein 3 meter brei veg for å gje tilkomst til eit naturområde.

Visuelle sumverknadar av både kraftlinjene og vegsløyfa av store dimensjoner i eit relativt lite landskapsrom som myra i Djupedalen vil verte særdominerande og øydeleggje natur- og opplevingskvalitetane som er i området no. Tilrettelegging for friluftsliv skal ivareta naturkvalitetane ved eit område for å sikre gode naturopplevingar jmf. spelemiddelordninga og vegleiar for naturvenleg tilrettelegging for friluftsliv frå Miljødirektoratet. Vi kan ikkje sjå at søknaden stettar slike krav. Folk som går tur i naturen er ute etter naturopplevingar, stillheit og ro i naturområde utan inngrep og støy. Ein vegtrase under ein kraftgate stettar ikkje opp under desse måla. For born og unge er det å leike og ta seg fram på ulendt mark avgjerande for å utvikle motorikk og ein førleg kropp.

¹ <https://www.norskfriluftsliv.no/vimenerarealplanlegging/>

² <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2019/mai-2019/naturvennlig-tilrettelegging-for-friluftsliv/>

LNF område er sett av til landbruk, natur og friluftsliv, der tiltak som kan gjerast i denne kategorien skal bygge opp under landbruksdrifta til grunneigar eller spreidde fritidsbustadar om dette er gitt i føremåla. Vi kan ikkje sjå at ein anleggsveg som skal drifte anlegg som linjenett stettar krav til å gje dispensasjon etter plan og bygningslova §11-7 og §19-2.

Betre tilkomst til området kan og bør gjerast på ein lang meir skånsam og naturvenleg måte. 3 meter vegbreidde med opptil like breie fyllingar og skjæringar i tillegg til sjølve vegen er korkje skånsamt eller naturvenleg. Graving i myr vil gje store utslepp av CO2 og endre vassbalansen i myra og redusere myra som biotop/leveområde for fugl og andre artar. Heile myra vil verte ringa inn av ein solid vegfylling.

Kan gamle stiar i området ryddast og merkast? Det ville vere det enklaste tiltaket for å betre tilkomsten til området. Deretter vil det å legge duk og grus i mindre breidde og naturlege steinar på utsette stadar vere tiltak som skilir inn i naturmiljøet på ein god måte.

Vi vil her vise til dugnad og tiltak gjort for å utbetre stiane opp til Brandsøyåsen i Flora med enklare reiskap som sett lite varige spor i terrenget.

«Flora Kommune kallar inn til stidugnad i Brandsøyåsen. Jobben vil i hovudsak gå ut på grøfting, nedlegging av rør, fjerning av røtter, steinarbeid, skogrydding. Reiskap vil vere spade, krapse, spett. Kommunen har kappsag til å fjerne røtter og motorsag. Dei skal og få opp ein del rør som skal leggest ned.»

Vi oppmodar difor tiltakshavar om å sjå på andre og enklare måtar å gjere området inn i Djupedalen tilgjengeleg for fleire på, ved å gjere enklare tiltak i terrenget, rydde og merke gamle stiar og evt knytte desse opp mot stinettverket nordvest- og nordaustover mot stiane som fører til hanekammen der dette er høveleg.

Det er registrert brunburkne i området, men registreringa er ikkje nøye koordinatfesta. **Brunburkne** har snevre krav til vekseplassen, som er olivinstein. Planta finst spreidd i kyst- og fjordstrok frå Vikedal i Hordaland til Tjøtta. I Sverige er ein stad i Småland einaste staden dei har sett brunburkne, som lenge har vore fredlyst der. Kommunen har ikkje opplysningar som avviser at brunburkne er i fare ved dei planlagde sprengingane eller andre inngrep under anlegget av spaservegen.

Vi ber difor om at det vert sikra at eventuelle tiltak i området ikkje vil påverke lokaliteten til brunburkne der denne kan vekse.

Myrområdet i Djupedalen er eit våtmarksområde som kan ha betydning for fugleliv i området. Det er ikkje gjort registreringar knytt til dette området spesifikt, men vi vil

argumentere for eit meir omsynsfullt prinsipp i forvaltninga som vil ivareta aktuelle leveområder også for kommande og nye generasjonar av fugl.

Difor vil vi til slutt her peike på behovet for å tenke annleis i planlegginga. I 1993 trådde konvensjonen om biologisk mangfald i kraft. Hovudmålet for 2020 var:

Effektiv og umiddelbar handling for å stanse tapet av biologisk mangfold for å sikre at økosystemene i 2020 er robuste og leverer livsviktige økosystemtjenester til folk, og derved bevarer klodens livsvariasjon og bidrar til menneskelig utvikling og velferd og til bekjempelse av fattigdom³.

Eit av delmåla understreka særleg rollen til lokalbefolkninga og deira lokale erfaringsbaserte kunnskap, for å bevare naturmangfaldet og økosystema. Den siste rapporten frå det internasjonale naturpanelet IPBES i 2019⁴ bekreftar at arealendringar, som fører til tap av biologisk mangfald og svekking av økosystema, framleis ikkje har vorte stogga. Naturpanelet hevdar at samfunns mål for 2030, og vidare, berre kan bli oppnådd gjennom transformativ endringar på tvers av økonomiske, sosiale, politiske og teknologiske faktorar. Difor er det å legge til rette for fysisk aktivitet og friluftsliv i inngrepsfri natur det viktigaste omsynet kommunen bør ta i planlegginga for friluftsliv.

På verdsbasis har vi øydelagt 85 % av alle våtmarksområde og ein av åtte fugleartar er på raudlista, medan i Norge er ein av tre fugleartar på raudlista. Det tilseier at omsyn og førevar-prinsippet §9 i naturmangfaldslova bør leggast til grunn der ein er i tvil om tiltaket er til vesentleg skade for ein art.

Myrområdet er truleg del av leveområde for fleire artar og naturkvalitetane ved området vil verte vesentleg forringa om ein vel å legge til rette for ein anleggsveg i naturen for å lette tilkomsten til eit område. Friluftslivsverdiane ved gode naturopplevingar vil verte vesentleg svekka.

Vi ber difor om at søknad om dispensasjon for turveg trinn 2 vert avslege. Vidare oppmodar vi tiltakshavar om finne enklare løysingar for å betre tilkomsten til eit naturområde utan særleg bruk i dag med stiløysingar med mindre dimensjonar og inngrep i naturområdet. Det vil styrke naturopplevingane i området og på sikt bidra til auka ferdsel og naturglede, som og vil styrke folkehelsa på meir naturvenleg vis.

³ <https://www.regjeringen.no/contentassets/2395e3d57fce400ab42e4aeb4417732c/t-1526.pdf>

⁴ https://www.ipbes.net/sites/default/files/downloads/spm_unedited_advance_for_posting_htn.pdf

Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle

Fylkeskoordinator
FNF Sogn og Fjordane



E-post: sognogfjordane@fnf-nett.no

Tlf: 480 20 532

Web: www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Adresse: Forum for natur og friluftsliv,
Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger

Org. nr.: 912 265 722

